

- Kvinnherad kommune har eit demokratisk problem når ein til stadighet opplever at svarfristar ikkje blir overhalde, Det skriv Erlend Moen til kommunen i samband med at det framleis ikke er skjedd noko med busslomme-prosjektet på Ljosnes og at kommunen heller ikkje svarar på brev. Han legg til at dette ikke berre gjeld denne saka, men også mange andre saker ein les om i aviser og på nett. Moen purrar no på saka for tredje gongen.



Når kjem busslomma på Ljosnes? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Han minnar om at det var synfaring i februar og at det i februar/mars vart opplyst i Grenda at kommunen hadde sett av 500.000 kroner av dei statlige tiltaksmidlane til dette prosjektet.

I april var det kontakt mellom kommune og grunneigar for å få i land ei avtale om grunnen. Kommunen lova då at dei skulle koma raskt attende med framlegg til ei avtale.

I august vart ny purring sendt til den administrative leiinga i kommunen samt ordføreren då det framleis ikkje hadde kome noko svar. Moen viste då til forvaltningslovas paragraf 11 der det heiter at kommunen har svarplikt innan maksimalt ein månad. Ordføraren svara same dagen at det skulle ordnast opp i dette, men Moen har framleis ikke fått noko svar.

Moen viser til at dette prosjektet er omtala spesielt i revidert budsjett. Han minnar om at kommunen har ein årleg ekstrautgift på omlag 100.000 kroner på grunn av unødvendig drosjekøyring. Det har også vore ei ny bilulukke på staden i år og no frå hausten står det ungdom i vegbana frå klokka 7.15 og ventar på bussen.

Moen held fram:

-Det er eit politisk vedtak om at dette prosjektet skal gjennomførast. Midla er på plass, det er berre gjennomføringa det her skortar på. Gjennomføringa av eit slikt prosjekt er ei administrativ oppgåve. For ordens skyld vil eg minna om at fyrste gongen vi tok opp denne saka var i februar 1999 – altså for over 10 år sidan. Sidan har vi jamt og trutt teke opp saka utan at noko har skjedd.

Moen meiner at denne saka berre er toppen av eit isfjell sidan det berre er dei mest ihuga som orkar å stå på og kjempa for dei sakene dei trur på. Han trur at dei aller fleste berre resignerar og gjev opp eller dei tek seg til rette i den trua at mangel på svar er identisk med godkjenning. Det som diverre er tilfellet er at det i slike saker skjer lite eller ingenting før ein lagar ein sak om det i avisene, meiner Moen.

Då kjem gjerne leiinga på bana, toar hendene sine og beklagar at ting tek tid.

-Slik kan det ikkje vera i eit demokratisk samfunn. Vi kan ikkje ha ein kommune der det er dei som ropar høgast som får viljen sin, skriv Moen.

Han meiner at slik det fungerer i dag er kommunen med på å underbyggja innbyggjarane sin mangel på respekt for lovar og reglar.

-Kvifor skal vi bry oss om regelverket når kommunen sjølv ikkje gjer det, spør Moen.

Av Ola Matti Mathisen